

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

Onsdag, 21.08.2019 kl. 14.00, f-salen, kommunehuset

SAKLISTE:

- Sak 13/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.05.2019.
- Sak 14/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit.
- Sak 15/19 - Oppdatering av reglement for Sykkylven kontrollutval.
- Sak 16/19 - Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 – Sykkylven kommune.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Sak 13/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.05.2019

KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 15.05.2019, kl.14.00
Møtestad: F-salen, rådhuset.
Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles til stades:

Karen Elise Matheson, Roger Welle, Torill Velle og Ståle Eikrem

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og juridisk rådgjevar advokat Kjetil Kvammen.

Frå administrasjonen møtte kommunalsjef Eli Otterlei og økonomisjef Arild Bergstrøm.

Ordførar Odd Jostein Drotninghaug deltok på delar av møtet.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte oppdragsrevisor Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend, og utvalet bestemte å handsame sak 12/19 etter sak 09/19. Karen Elise Matheson meldte inn ei sak under eventuelt og det gjorde også sekretariatet.

Sak 09/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 09.04.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møteboka frå møte 9. april 2019 blir godkjent.

Sak 10/19 - Årsmelding 2018 - Sykkylven kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 8. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Sykkylven kommune til vitande.

Sak 11/19 - Kommunerekneskapen 2018 - Sykkylven kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 8. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til uttale:

Sykkylven kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Sak 12/19 - Klage frå Allmennlegeutvalet i Sykkylven - krav om eigenbetaling frå pasient ved henvisning, saksbehandling, offentlegheit, m.v.

Sakspapir frå sekretariatet datert 8. mai 2019

Tilråding til vedtak frå sekretariatet:

1. Kravet framsett 22.06.2018 i høve legekantoret si praktisering av takst 8 burde innehalde ei tydelegare klargjering av det heimelsgrunnlaget kommunen bygg på.
2. Kontrollutvalet har utover dette ikkje merknader til kommuneadministrasjonen si saksbehandling og tolking av regelen om pasientar si eigenbetaling ved bruk av takst 8.
3. Drøftingar om utøving av mynde reiser spørsmål av slik prinsipiell karakter at kontrollutvalet ynskjer at kommunestyret får saka til orientering.

Leiar Rolf Bergmann fremma på vegne av kontrollutvalet eit alternativt fellesforslag:

1. Kravet framsett 22.06.2018 av administrasjonen i høve legekantoret si praktisering av takst 8 burde innehalde ei tydelegare klargjering av det heimelsgrunnlaget kommunen bygg på.
2. Kontrollutvalet har utover dette ikkje merknader til kommuneadministrasjonen si saksbehandling og tolking av regelen om pasientar si eigenbetaling ved bruk av takst 8.
3. Kontrollutvalet ynskjer at kommunestyret får saka til orientering.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kravet framsett 22.06.2018 av administrasjonen i høve legekantoret si praktisering av takst 8 burde innehalde ei tydelegare klargjering av det heimelsgrunnlaget kommunen bygg på.
 2. Kontrollutvalet har utover dette ikkje merknader til kommuneadministrasjonen si saksbehandling og tolking av regelen om pasientar si eigenbetaling ved bruk av takst 8.
 3. Kontrollutvalet ynskjer at kommunestyret får saka til orientering.
-

Eventuelt:

Karen Elise Matheson tok opp spørsmålet omkring tilbakemelding til dei som henvender seg til kontrollutvalet. Kva rutinar og reglar finst for kontrollutvalet? Sekretariatet svarte at kontrollutvalet berre gir skriftleg tilbakemelding til kommunestyret, men alle som vender seg til sekretariatet vil kunne få svar derfrå.

Sekretariatet ved dagleg leiar Bjørn Tømmerdal fortalde kort at på møtet 21. august vil utvalet få ei eiga sak om oppdatering av reglementet for kontrollutvalet i Sykkylven.

Møtet var slutt kl. 15.05

Rolf Bergmann	Ståle Eikrem	Roger Welle	Karen Elise Matheson	Torill Velle
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

Sak 14/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit.

Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3 IKS datert 17. juni 2019

Bakgrunn:

Oppdragsansvarleg revisor og revisor sine medarbeidarar på oppdraget skal vere uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknytning til kommunen som går ut over ei uavhengig eller objektiv gjennomføring av revisjonen. Dette inneber mellom anna at dei ikkje kan:

- Ha andre stillingar, eller være medlem av styrande organ, hjå kommunen eller verksemd som kommunen har økonomiske interesser i.
- Delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, dersom dette er i konflikt med rolla som revisor for kommunen.

I vurderinga av om revisor er uavhengig, er det også relevant om revisor sine nærstående eller revisor sine medarbeidarar har tilknytning til kommunen.

Det er vidare lagt avgrensingar på kva andre tenester revisor kan levere til kommunen. Dette gjeld:

- Rådgjevingstenester dersom desse er eigna til å reise tvil om revisor er uavhengig.
- Tenester som har med leing og kontroll i kommunen å gjere.
- Å opptre som fullmektig for kommunen.

Dei som utfører revisjon for kommunen skal sjølve vurdere fortløpande om dei er uavhengige. Oppdragsansvarleg revisor skal årleg levere ei skriftleg eigenvurdering av sitt sjølvstende (uavhengigvurdering) til kontrollutvalet. Denne ligg som vedlegg.

Oppdragsansvarleg revisor kan vurdere å endre fordelinga av oppgåvene til dei enkelte medarbeidarane over tid, slik at ein enkelt revisor ikkje blir sitjande med dei same oppgåvene over ein for lang periode.

Innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Til kontrollutvalget

i Sykkylven kommune

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Sykkylven kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Sykkylven kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Sykkylven kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Sykkylven kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 17. juni 2019

Anne Nygård

Anne Nygård

Oppdragsansvarlig revisor Sykkylven kommune

Sak 15/19 - Oppdatering av reglement for Sykkylven kontrollutval

Bakgrunn:

Reglementet er eit internt regelverk for utvalet. Det har ei viktig rolle som både utfyllande og informativ kjelde og må gjerne kunne likestillast med eit arbeidsverktøy. Reglementet vil kunne ha ein viss lærings- eller påminningseffekt.

Både kontrollutvalet sine medlemmer, andre folkevalde og publikum har nytte av å kjenne dei praktiske rutinane som gjeld for kontrollutvalet. Reglementet er meint å vere lett tilgjengeleg, direkte og ikkje komplisert formulert. Ved å gi slike utfyllande reglar på område der kommunen sjølv kan bestemme, har kommunestyret høve til å styre mot ein konsekvent praksis i dei spørsmåla dette gjeld.

Vurdering:

Forslaget tar opp i seg både ny kommunelov og ny kontrollutvalsforskrift. Desse rettskjeldene er vedtekne, men vil først tre i kraft frå og med det konstituerande møtet i det enkelte kommunestyre ved oppstart av valperioden 2019-2023.

I staden for to forskrifter som i dag gjeld for hhv. kontrollutval og revisjon, er desse slått saman til ei forskrift, samtidig som omfanget er redusert.

Ein kan merke seg at fleire av bestemmelsane i den kontrollutvalsforskrifta som gjeld i dag er flytta over i den nye kommunelova. Dermed har dei fått ei større rettskjeldemessig tyngde. Dette samsvarar godt med den auka betydninga som lovgjevaren har tildelt kontrollutvalet og sekretariatet som ledd i styrking av kommunens eigenkontroll.

Gjennomgang av den nye kommunelova og den nye kontrollutval- og revisjonsforskrifta kan vere eigne tema innan folkevald-opplæringa.

Kva som ligg til rette for reglementsfasting vil langt på veg vere eit skjønsspørsmål. Oppdateringa her bygg ikkje på nokon ny gjennomgang av dette, men oppdaterer stort sett dagens reglement som vart godkjent den 19.09.2016 i Sykkylven kommunestyre, sak PS 56-2016.

Såleis finn ein framleis ei viss dobbeltbehandling i høve til sentralt regelverk, utan at reglementet blir for omfattande.

Reglementet opnar for at utvalet kan utarbeide eit separat internt regelverk for **høyringar**. Denne forma for informasjonsinnhenting har berre i liten grad vore nytta i Sykkylven kontrollutval, seinast under saka med kommunen sine kjøp av swapsjonar og andre finansielle produkt. Utvalet må vurdere behovet for denne forma for saksførebuing utfrå dette og komande saker.

Kommunelovutvalet i NOU 2016:4 konkluderte med at det bør vere opp til den enkelte kommune å fastsetje lokale reglement for slike høyringar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har så langt fylgt dette synet, slik at det ikkje er lovfesta nærare reglar på området.

Aktuelle punkt i eit slikt internt regelverk vil kunne vere

- kva er høyring og når kan den finne stad
- opne eller lukka høyringar
- førebuing av høyringsprosessen
- innkalling til høyring
- rettar for den innkalla/inviterte, tilhøvet til kontradiksjon og vern mot sjølvinkriminering
- praktisk gjennomføring av høyringa

Det vert lagt opp til at slike retningsliner for høyringar kan utarbeidast om kontrollutvalet finn behov, jfr. utkast til reglement, pkt. 2.4.

Innstilling til vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Sykkylven kommunestyre godkjenner utkast til oppdatert reglement for kontrollutvalet.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Kjetil Kvammen
Juridisk rådgjevar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

(Forslag til endringar med **raud skrift**)

REGLEMENT FOR SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL - ORGANISERING OG SAKSBEHANDLING

Sentrale rettskjelder for kontrollutvalet si verksemd er m.a.:

- kommunelova (L22.06.2018 nr. 83), særleg kapittel 23, Kontrollutvalgets virksomhet og kapittel 24, Revisjon.
- forskrift om kontrollutvalg og revisjon (F17.06.2019 nr. 904)

Kommunestyret har gjennom dette reglementet teke inn nokre av hovudpunkta i lov og forskrift og fastsett nærare retningsliner for kontrollutvalet ~~og utvalet sitt sekretariat~~.

1. Organisasjon

1.1. Organisasjonisk plassering

Kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret og skal på vegne av dette **utføre** det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Kontrollutvalet har prinsipielt ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret.

1.2. Val, samansetjing

~~Utvalet sin leiar~~ **Minst eitt medlem** skal veljast mellom kommunestyret sine medlemmer.

Leiaren ~~bør~~ **skal** veljast frå eit av dei partia / gruppene i kommunestyret som ikkje har vervet som ordførar.

Nest etter val av formannskap, ordførar og varaordførar skal det veljast kontrollutval for den nye valperioden (kommunelova § 7-1 tredje ledd)

Ved valet skal ein ta omsyn til erfaring og yrkesbakgrunn, utdanning og forhold til andre folkevalde organ. Samansetjinga av kontrollutvalet bør gjenspegle kommunestyret sine grupperingar

2. Saksbehandlinga i kontrollutvalet

2.1. Innkalling, sakliste m.v.

Innkalling til møte i kontrollutvalet, sakliste, saksutgreiing og saksunderlag vert sendt elektronisk til utvalet sine medlemmer og varamedlemmer, ordførar, rådmann og kommunerevisjonen, (**jfr. kontroll- og revisjonsforskrifta § 6 første punktum**).

Møteinnkalling og dokument som høyrer til sakene vert lagde ut på kontrollutvalet sin eigen nettstad:

www.kontrollutval.no

Nettstaden skal ha godt synleg lenke frå kommunen si eiga nettside.

2.2. Saksutgreiing, framlegg til vedtak

Kontrollutvalsekretariatet syter for **forsvarleg** saksutgreiing og legg fram tilråding til vedtak. Når sekretariatet finn det formålstenleg kan det som lekk i saksførebuinga innhente uttale eller utgreiing frå andre, t.d. kommunen sin administrasjon, andre offentlege organ, involverte private informantar, m.v. før saka vert lagd fram for utvalet.

Ordførar, kommunerevisjonen si leiing og utførande revisorar har møte- og talerett i kontrollutvalet, (jfr. kommunelova §§ 6-1 tredje ledd, 24-3 første ledd).

2.3. Utvalet si innhenting av saksopplysningar, (jfr. kommunelova § 23-2 tredje ledd)

Utvalet kan kalle inn einkvar som har handla på kommunen sine vegne, **og/eller** som har medverka når det vart gjort vedtak eller ved saksførebuinga av eit vedtak, for å få opplyst eit sakstilhøve eller få svar på spørsmål om dette.

For administrasjonen er det rådmannen som har ansvaret for å sjå til at denne møteplikta vert oppfylt. Når ei slik innkalling ikkje gjeld rådmannen personleg, kan rådmannen peike ut andre frå administrasjonen til å møte og gi opplysningar, evt. saman med rådmannen sjølv. Dersom kontrollutvalet bed om at ein enkelt tilsett møter personleg, skal rådmannen om nødvendig pålegge vedkomande dette. Rådmannen kan då ikkje setje avgrensingar når det gjeld kva den enkelte tilsette skal forklare seg om og rådmannen kan ikkje krevje å vere til stades under forklaringa.

Folkevald representant kan kallast inn til kontrollutvalsmøte for å gi informasjon til utvalet om tilhøve som knyter seg til utføringa av vervet eller oppgåva som folkevald.

2.4. Høyringar

Kontrollutvalet kan utarbeide eit eige internt reglement for høyringar. Reglementet skal gjere greie for førebuingar og kven som har plikt til å møte.

Reglementet skal sørge for kontradiksjon i høve til den som møter og kva for andre rettar den som møter har. Det kan også rettleie om praktisk gjennomføring, slik som utspørjing, osv.

Reglementet for høyring kan leggst fram for kommunestyret til godkjenning.

2.4. Opne møte og offentlege saksdokument

~~Som utgangspunkt~~ **Om det ikkje vert gjort vedtak om lukking** er kontrollutvalet sine møte opne (jfr. kommunelova § 11-5 første ledd) og saksdokumenta offentlege (jfr. offentleglova § 3).

Det kan likevel ligge føre heimel i lov for at kontrollutvalet skal eller kan treffe avgjerd om det motsette. **Heimelen for vedtak om lukking skal takast inn i møteboka.**

2.5. Møtebok (kommunelova § 11-4)

Kontrollutvalet sitt sekretariat syter for føring av framlegg til møtebok og kunngjering av referat frå møta.

Møteboka skal godkjennast av kontrollutvalet seinast i neste møte.

Utskrift av møteboka skal sendast utvalet sine medlemmer, ordførar og kommunerevisjonen og kunngjerast på utvalet sin nettstad.

Melding om vedtak i kontrollutvalet (særutskrifter) blir elles sende til ordførar og dei avdelingar/etatar i kommunen som saka gjeld.

2.6. Generelle utfyllande retningslinjer

Innafor rammene til lov og forskrift kan kontrollutvalet sjølv fastsetje nærare reglar for si saksbehandling til presisering av desse retningslinjene.

3. Kontrollutvalet sine oppgåver

3.1. Målsetjing (jfr. kommunelova § 23-1 første ledd)

Utvalet skal utføre løpande kontroll og tilsyn med den kommunale forvaltninga.

3.2. Område for kontroll- og tilsynsverksemda (jfr. kontroll- og revisjonsforskrifta § 1)

Utvalet kan utføre kontroll og tilsyn på alle område, og vedkomande eitkvart spørsmål, som gjeld kommunen og/eller kommunale føretak si verksemd.

Utvalet kan ikkje overprøve dei folkevalde organa sine politiske prioriteringar, men kan vurdere om både avgjerdene og avgjerdsmåten er i samsvar med krava i lova.

Utvalet kan føre kontroll med kommunen sine kontaktar med private tenesteprodusentar som utfører oppgåver på vegne av kommunen, eller er leverandørar av varer og tenester til kommunen.

Utvalet skal ta i mot og behandle henvendelsar frå innbyggjarar eller andre aktørar som meiner at dei har ei sak for kontrollutvalet. Utvalet vil i det enkelte tilfelle vurdere i kva grad informasjonen høyrer inn under kontrollutvalet sine oppgåver.

3.3. Rett til å vere til stades i lukka møte (jfr. kommunelova § 23-2 fjerde ledd)

Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen, med mindre kommunestyret har bestemt at utvalet ikkje har slik rett.

3.4. Fullmakt

Kontrollutvalet tek avgjerd i saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvarsområde og oppgåver etter kommunelova kap. 23, forskrift om kontrollutvalg og revisjon, så langt desse reglane ikkje legg avgjerdsmynde til kommunestyret sjølv. I sistnemnde tilfelle gir kontrollutvalet tilråding til kommunestyret.

Kontrollutvalet sin leiar har i fellesskap med ~~kan gi fullmakt til~~ kontrollutvalsekretariatet i samråd med leiaren fullmakt til å ta avgjerd i saker som er kurante, og elles når det hastar med å ta avgjerd, og med melding til kontrollutvalet i neste fyrstkomande møte.

3.5. Særlege oppgåver

3.5.1. Årsbudsjett

Utvalet gjev tilråding om kontrollutvalets årsbudsjett. Utvalet si tilråding blir å innarbeide i formannskapet sitt samla framlegg til årsbudsjett og skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

3.5.2. Årsmelding

Utvalet skal leggje fram årsmelding for verksemda i utvalet og fremje denne til kommunestyret til behandling

~~3.5.3. Varsling~~

~~Med bakgrunn i kommunestyresak 09/08 kan varslarar i kommunen vende seg til kontrollutvalet sin leiar.~~

3.6. Bruk av sakkunnig hjelp

Kontrollutvalet kan gjere seg nytte av sakkunnig hjelp når utvalet finn dette nødvendig. ~~Slik hjelp skal budsjetterast, evt. ved budsjettendring eller med søknad om tilleggsøyving.~~ Når det gjeld kostnader gjeld kontrollutvalsekretariatet sin selskapsavtale (jfr. § 17b).

3.7. Eigen opplæring og orientering til andre

Kontrollutvalet skal ta omsyn til behovet for opplæring av utvalet sine eigne medlemmer og ta initiativ til at dette behovet til eikvar tid vert dekt. Rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet bør tilpassast medlemmene sitt behov **og dei saksområda som til eikvar tid er aktuelle.**

Utvalet bør tilby orientering og informasjon om kontrollutvalet si rolle mv. til kommunestyret og andre folkevalde organ.

3.7. Teteiplikt (**forvaltningslova §13**)

Forvaltningslova sine alminnelege reglar om teteiplikt, jfr. forvaltningslova § 13 mv., gjeld for kontrollutvalet sine medlemmer og sekretariatet.

3.8. Habilitet (forvaltningslova kapittel II)

Inn under tilfelle av automatisk inhabilitet som følgje av å vere part, i slekt med den som er part, mv., følgjer også inhabilitet for leiar, medlem av styret m.v. for eit selskap som er part i saka, sjølv om selskapet er offentleg eigd, (jfr. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e.)

Kontrollutvalsmedlem skal i god tid seie frå om tilhøve som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil.

4. Kontrollutvalet sin innstillingsrett (jfr. kommunelova § 23-5)

Før **kontrollutvalet behandlar** ei sak ~~vert rapportert~~ **skal rapporterast** til kommunestyret skal ~~den sendast~~ rådmannen / **kommunedirektøren ha hatt høve til å uttale seg.** **Slik til uttale som til vanleg vert til vanleg** å sjå på som endeleg frå administrasjonen si side.

I saker der kontrollutvalet rapporterar resultatet av arbeidet sitt til kommunestyret har kontrollutvalet åleine innstillingsrett.

Eineretten til instilling er ikkje til hinder for at saka i tillegg kan leggjast fram for andre folkevalde organ. Slik eventuell fråsegn kan då ikkje kome i staden for utvalet si saksførebuing, men berre nyttast som eit supplement til denne.

5. Kontrollutvalsekretariatet sine oppgåver

5.1. Saksbehandling, saksutgreiing og iverksetjing av vedtak (kommunelova § 23-7)

Sekretariatstenestene blir utførde av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Arbeidsoppgåvene kjem fram i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon, jfr. også selskapsavtalen for selskapet. Arbeidsoppgåvene er administrativ leiing, saksbehandling og oppfølging av saker til kontrollutvalet

Kontrollutvalsekretariatet skal sjå til at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver etter lov og forskrift blir ivaretekne og forsvarleg løyst. Kontrollutvalet kan leggje arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov/forskrift ikkje er til hinder for dette.

Kontrollutvalsekretariatet skal også sjå til at vedtaka i kontrollutvalet, evt. etter behandling i kommunestyret, blir sette i verk, (kontroll- og revisjonsforskrifta § 6 andre punktum).

5.2. Avgrensing mot revisjonsoppgåver

Kontrollutvalsekretariatet kan ikkje utføre revisjonsoppgåver etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon, men skal følgje opp at desse blir utført av kommunerevisjonen med rimeleg framdrift og innan fastsette fristar, om nødvendig av ekstra innleigde revisorar.

5.3. Tilhøvet til kommunerevisjonen

Kontrollutvalsekretariatet er kommunerevisjonen sitt kontaktledd overfor kontrollutvalet i alle saker. Sekretariatet er det organet som skal formidle oppgåver som etter vedtak i kontrollutvalet skal løysast av kommunerevisjonen.

6. Endringar, ikraftsetting

Kontrollutvalet kan iverksetje mindre endringar og løpande tilpassingar i reglementet, evt. også som følgje av eventuelle endringar i lova og forskriften om kontrollutvalg og revisjon.

Reglementet blir gjort gjeldande frå 1. november 2019.

Sak 16/19 - Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 – Sykkylven kommune

Vedlegg: Rapport rekneskapsrevisjon 2018 – Sykkylven kommune, datert 20. mai 2019.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i Revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapsrapporten, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

For ei fagleg vurdering vises det til vedlagte rapport. Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette.

Innstilling til vedtak:

Sykkylven kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

Mottakere:
Sykkylven kontrollutval
Rådmannen i Sykkylven kommune

Vår saksbehandlar:

Vår dato:
20. mai 2019
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Rekneskapsrevisjon 2018 – Sykkylven kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapsen for rekneskapsåret 2018 for Sykkylven kommune.

Vår oppgave er i første rekke å gi ein uttale om årsrekneskapsen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapsen, gi ei uttale om disponeringar i forhold til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapsen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette notatet vil vi gi nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i forhold til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommuner mv.

Utvalde tema rekneskapsrevisjon – Sykkylven kommune

Testing av rutinane for utskriving av eigedomsskatt

Ut frå digitalt kart har vi plukka ut nokre tilfeldige eigedomar for testing. Ingen av desse eigedomane hadde fått utskrive eigedomsskatt. Årsaka var at botnfrådraget var så høgt at det ikkje utløyste eigedomsskatt. Botnfrådraget var kr 2,2 mill, koner og takstane på eigedomane kom under dette beløpet. Vi testa vedtaka, takst og berekning av eigedomsskatt (som vart 0), og fann ikkje avvik i rutinane.

Testing av rutinane for vederlagsberekning for opphald i institusjon

Vi har testa etterberekning av vederlag for langtidsopphald i institusjon (BUAS) for 2017. Etterberekninga skal gjennomførast etter at skatteoppgjeret er ferdig. Vi gjennomførte testing i januar/februar i år. Det var eit tilfelle der vi var i tvil om tolkinga av vedtaksdato og mogleg fri periode. Dette er avklara, og kommune vil korrigere. Vi meiner at rutinane fungerer godt.

Rutinar for førebygging av misleg framferd, pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Pasientmidlar

Det er verje som har hovudansvar for bebuarane sin økonomi. Verje kan ta ut pengar som bebuar kan bruke til personleg forbruk. Pengane vert oppbevart i eit pengeskrin som er plassert i eit nøkkelskap som kan låsast. Når personalet må hjelpe til med innkjøp vert kvittering signert og lagt i pengeskrin. For det meste vert innkjøp til personleg forbruk fakturert til bebuar, og verje tek hand om betaling.

Vi meiner at rutinane reduserer risikoen for misleg framferd.

Byggjesaksbehandling

Kommunen har rutinar for dokument og sakshandsaming for tekniske tenester. Desse rutinane byggjer på dei overordna etiske retningslinene. Einingsleiar opplyser at han tar ein gjennomgang av rutinane med dei tilsette. Det vart seinast gjennomgått våren 2018.

Avgjerdsmynde er ikkje delegert så langt at ein person har fullmakt til å gjere vedtak åleine. Det vil alltid vere to som signerer, teknisk sakshandsamar og einingsleiar. Om einingsleiar er inhabil, vert det rådmannen som avgjer saka.

Rullerende kontroll av sosiale utbetalningar inklusive utbetalningar til flyktningar

NAV Sykkylven har skrivne rutinar for handsaming av søknader. Rutinen er under revisjon som følgje av at dei har gått over til elektronisk arkiv. Det elektroniske systemet krev at det vert lagt inn kva lovparagraf som vert nytta, og det må vere to ulike saksbehandlarar som godkjenner vedtaket. Mynde til å tilvise til utbetaling er gitt til einingsleiar, og i hans fråvær er det gitt mynde til to personar i tillegg.

Dei utbetalingane som vart testa viste til lovheimel og var signert av saksbehandlar og leiar. Utbetalningar til flyktningar vert godkjent av flyktningkontoret. NAV behandlar og gir berre tilskot til livsopphald før dei kjem inn under introduksjonsprogrammet. Rutinane på flyktningkontoret er ikkje testa denne gongen.

Sosiale lån vert avstemt av rekneskapsavdelinga. Det er ein del lån der det ikkje har vore bevegelse i 2018. Vi meiner at det burde ha vore gjort ein gjennomgang og vurdert om kommunen kjem til å få tilbakebetalt desse låna.

Andre forhold

Utbetaling frå næringsfondet

Vi har testa rutinane for utbetaling frå næringsfondet.

Sykkylven kommune har sett ut tenesta med vurdering av søknader om midlar frå næringsfondet til Sykkylven næringsutvikling AS (SNU AS). Tidlegare vart søknad både handsama og vedteke utbetalt av SNU. Det var også utbetalningar til SNU sjølve, utan vedtak i kommunalt politiske organ.

Kommunestyret vedtok den 14. mai 2018 nye vedtekter for saksbehandling av utbetaling av næringsfondet. Reglane er endra slik at endeleg vedtak om tildeling vert gjort av formannskapet.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt retningslinjer for utbetaling av tilskot.

Vi har testa nokre av utbetalingar frå næringsfondet der SNU har laga innstilling til utbetaling. Av utbetalingane i 2018 var det to vedtak frå 2018, dei andre utbetalingane var etter vedtak i 2017. Dei to vedtaka som var frå 2018 var godkjent av formannskapet.

Vi har ikkje kontrollert at innstilling frå SNU stetter reglane gitt av M&R fylkeskommune.

Med helsing

Anne Nygård

Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

Mari Ann Yndestad
revisor